

STRANDA KOMMUNE	Sakeb. JANTRY
08 JAN 2019	
Arkivsak 19/22-1	Journalp. 19/217

Interpellasjon

Stengt toalett ved FV 60 på Ljøen

Toaletta langs FV 60 på Stranda er stengde frå sein haust til tidleg vår. Særleg på Ljøen skaper dette usanitære tilhøve, sidan parkeringsplassen der vert mykje brukt i vinterhalvåret. Frå tidleg januar og utover er der ein straum av folk som går på ski opp Postvegen til Ljøsætra og vidare oppover til fjella bak. Ja, somme slår endåtil opp telt ved parkeringsplassen og oppheld seg i området i to døgn.

Det seier seg sjølv at stengde toalett vil føre til tilgrising av området. Elsa og Erling Ljøen har tidvis opna toalettet sitt i løa for å hjelpe på problemet, men det kan ikkje vere ei framtidsretta og fullgod ordning.

Eg bed ordføraren ta kontakt med Statens vegvesen og be om at toalettet ved FV 60 på Ljøen vert halde ope også om vinteren, i alle fall frå januar. Det må vere i alle si interesse at ein slepp tilgrising i området.

Beste helsing


Petter Hjørungdal

Stranda Sp.